


# Høyring av verneplan for skog

## Skulehomfjellet naturreservat, Nissedal og Fyresdal kommunar



*Ervedalsvatnet i Nissedal.*

*Foto: Maria K. Hertzberg*

**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark  
Oktober 2024**

## **Innhald**

	<b>side</b>
<b>1. Bakgrunn.....</b>	<b>3</b>
<b>2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern.....</b>	<b>3</b>
<b>3. Heimelsgrunnlag.....</b>	<b>3</b>
<b>4. Saksgang og innkomne merknader.....</b>	<b>4</b>
<b>5. Verneplanens omfang.....</b>	<b>6</b>
<b>6. Faktaark.....</b>	<b>7</b>
<b>7. Forslag til verneforskrift.....</b>	<b>10</b>

**Vernekart er lagt ved høyringa som eige vedlegg.**

## 1. Bakgrunn

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark sender med dette på høyring forslag til vern av eit område kalla *Skulehomfjellet* i Fyresdal og Nissedal kommunar. Skulehomfjellet ligg mellom innsjøane Nisser og Fyresvatnet, og mellom Kilegrend i Fyresdal og Treungen i Nissedal. Bakgrunnen for forslaget er eit tilbod frå fire private grunneigarar om frivillig vern av skog. Tilbodet kom inn 28. mai og 19. august 2020 frå AT skog.

Området er kartlagt i fleire omganger; 2010, 2014 og sist hausten 2020. Området har dokumenterte verdiar som kvalifiserer for vern etter naturmangfoldloven.

## 2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern

Meld. St. 14 (2015 – 2016) *Natur for livet* legg opp til ei vidareføring av det langsiktige arbeidet med skogvern, under dette auka frivillig skogvern. Under handsaminga av meldinga bad Stortinget regjeringa setja mål om vern av både offentleg eid skog og frivillig vern av privateigd skog til 10 % av skogarealet i landet.

Naturfaglege evalueringar som ligg til grunn for prioriteringane i skogvernarbeidet er «*Evaluering av skogvernet i Norge*», NINA rapport 54/2002, «*Naturfaglig evaluering av norske verneområder*», NINA rapport 535/2010 og «*Evaluering av norsk skogvern i 2016*», NINA rapport 1352/2017. Dette arbeidet er samtidig eit viktig bidrag til å nå [FNs bærekraftsmål 15](#) som har som mål å verna, gjenopprette og fremja berekraftig bruk av økosystem, sikra berekraftig skogforvaltning, nedkjempa ørkenspreiing, stansa og reversera landforringing og dessutan stansa tap av artsmangfald.

Ved frivillig skogvern gir grunneigarane Statsforvaltaren tilbod om vern av aktuelle område. Det blir gjort naturfaglege registreringar og utarbeidd skogtakstar for dei områda der det er behov for det. På grunnlag av tilbod og dei naturfaglege registreringane utarbeider Statsforvaltaren forslag til avgrensing av verneområdet. På grunnlag av tilbod og mal for verneforskrift for naturreservat utarbeider Statsforvaltaren forslag til verneforskrift som blir oversend grunneigarane for kommentarar. Miljødirektoratet oppnemner ein skogsakkyndig som får i mandat å forhandla med grunneigarane eller representanten til grunneigarane. Ved semje blir det utarbeidd avtale der erstatningssum, forslag til verneforskrift og avgrensing av verneområdet blir avklart.

Det vanlege er at når staten og grunneigar er samde om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfaldslova. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneforslag likevel blir gjennomført før avtale er signert. Frå avtaletidspunkt og fram til vernevedtak gjeld ei vederlagsordning. Utbetaling av erstatningsbeløp skjer når vernevedtak er fatta.

## 3. Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av mangfaldet til naturen (naturmangfaldslova) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfaldslova er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldslova, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om skiping av naturreservat blir gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfaldslova, som lyder slik:

” Som naturreservat kan vernes områder som  
a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,  
b) representerer en bestemt type natur,  
c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,  
d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller  
e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”

#### 4. Saksgang og innkomne merknader

Formell start på verneplanarbeidet vart meldt 19. mai 2023, og frist for innspel var 5. juli 2023. Det vart meldt oppstart for 17 område samstundes og det kom inn totalt 11 merknader. Det er sju innspel som er knytt til området Skulehomfjellet:

**Språkrådet** (brev dagsett 1.6.2023) uttaler følgjande:

«Skulehomfjellet, Nissedal og Fyresdal kommunar. Ingen merknader til skrivemåten (Skulehomfjellet er tilrådd skrivemåte i SSR), men ut frå kartet ser det ut til at Skulehomfjellet i all hovudsak ligg utanfor verneområdet. Statsforvaltaren bør difor vurdere om eit anna namn vil vere meir dekkande».

**BaneNor** (brev dagsett 14.6.2023) uttaler følgjande:

«Vi viser til varsel om oppstart av verneplanprosess, datert 19.05.2023. Ingen av verneområdene berører jernbanens interesser og vi har derfor ingen merknader».

**Forsvarsbygg** (brev dagsett 23.06.2023) uttaler følgjande:

«Vi viser til brev 19. mai 2023 med melding om start av verneplanprosess for frivillig vern av skog for 17 områder i kommunane Bamble, Fyresdal, Holmestrand, Tønsberg, Kviteseid, Midt-Telemark, Nissedal, Notodden, Seljord, Tinn og Tokke. Forsvarsbygg gjev høyringssvar i slike saker med det utgangspunktet å ta vare på Forsvaret sine arealbruksinteresser.

Vi ser foreløpig ingen konfliktar med det føreslåtte verneområdet. Vi ber likevel om at de tek naudsynnte unntak for militær operativ verksemd inn i forskrift til verneplanen. Vi ber òg om at det særskilte unntaket for avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy vert tatt med i forskrift, for å ivareta omsynet til militær luftoperativ verksemd. Vi har ingen ytterlegare merknader til verneframlegget».

**Direktoratet for mineralforvaltning (DMF)** (brev dagsett 30.06.2023) skriv mellom anna: «Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 19. mai 2023.

...

*Branås, Eidsbøgleivae – Gjuvstøvlia, Heggeneset, Jønjlilo, Mørkvassjuvet, Omnflug, Skriuffjellet, Skuleholm fjellet, Stormyråsen, Storås, Tjuvberget, Øverland og Ånås DMF kan ikkje sjå at det føreslegne vernet kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift innafor desse områda. Her har vi derfor ingen merknader».*

**Naturvernforbundet i Øst-Telemark** (e-post med vedlegg dagsett 05.07.2023) uttalar følgjande:

*«Vi er positive til at flere verdifulle skogområder i Notodden og Tinn vernes. Det er spesielt gledelig at det kommer inn gode tilbud fra skogeiere rundt Follsjå, et område vi har hatt fokus på, og der det har vært god dialog med skogeierne. Samtidig er vi opptatt av at det er de viktigste områdene som må prioriteres først, spesielt nå i en situasjon der det er begrenset med midler og lang kø av vernekandidater. Vi er også opptatt at grensene for verneområdene trekkes slik at de fanger opp verneverdiene på en helhetlig og god måte. Det er særlig områder i lavlandet og andre typer som har lav dekning av vern som vi ønsker å ha et spesielt fokus på».*

Naturvernforbundet har spesifikke kommentarar til nokre områder, men Skulehomfjellet er ikkje bland desse.

**Norges vassdrags- og energidirektorat NVE** (brev dagsett 05.07.2023):

*«NVE har sett gjennom meldingen for de foreslåtte verneområdene med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, vannkraftverk, hydrologiske målestasjoner m.m. Vi vil bemerke at det er viktig at denne type saker underlegges grundige saksbehandlingsprosesser og at alle involverte interessenter gis anledning til å uttale seg.*

*Så langt NVE kjenner til er det ingen energi- og vassdragsinteresser i det foreslåtte verneområdet Skulehomfjellet. Telemark Nett AS har områdekonsesjon».*

**Landbruksdirektoratet** (brev dagsett 24.07.2023) ber om at det av høyringsdokumenta må kome fram korleis områda vert bruka i landbrukssamanheng, og at omsynet til dette må bli ivaretatt i verneforskriftene. Dei peikar spesielt på gjennomgåande vegar, stølar, beitebruk og reindrift. Statleg og kommunal landbruksforvaltning bør bli involvert i verneprosessen, uttalar direktoratet.

## **STATSFORVALTARENS KOMMENTARER TIL DEI INNKOMNE MERKNADENE**

Språkrådet meiner Statsforvalteren bør vurdere eit anna namn på området sidan *Skulehomfjellet* “i all hovudsak ligg utanfor verneområdet”. *Skulehom* er nytta på baa fjell, berg og tjern innafor området. Fjellet er høgste punkt i området og er kommunegrense mellom dei to kommunane. Tilbodet blei sendt inn med namnet *Skulehomfjellet* og Statsforvaltaren har forstått at grunneigarane ønskjer å nytte dette namnet. Difor har Statsforvaltaren halde fast ved namnet *Skulehomfjellet* på verneområdet.

Når det gjeld merknaden frå Forsvarsbygg, så vil vi kommentera at det er teke omsyn til unntak for militær operativ verksemd og omsynet til militær luftoperativ verksemd i § 6, første ledd og § 6, bokstav c.

Når det gjeld uttalen frå Landbruksdirektoratet, så vil vi kommentere at det ikkje er stølar eller skogskoier i området. Det er berre traktorvegar, og dei har ikkje funksjon for skogareal som grensar til det føreslegne området. Dersom det skulle vera aktuelt med beitedyr her er det teke høgde for det og dei andre innspela i verneforskrifta, jf. §§ 4, 6 og 7.

Andre utsegn blir tekne til etterretning.

### **Vidare sakshandsaming**

Verneforslaget med områdeskildringar, kart over verneområdet og forslag til verneforskrift blir sendt på ein felles sentral og lokal høyring med **frist 20. desember 2024**. Målet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli ramma av den planlagde fredinga.

Etter høyring vil Statsforvaltaren oppsummera høyringa, kommentera eventuelle utsegner og utarbeida ei tilråding om vern til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil deretter laga innstilling til Klima- og miljødepartementet (KLD) og vedtak om freding blir gjort ved kgl. res. av Kongen i statsråd.

### **5. Verneplanens omfang**

<b>Namn</b>	<b>Kommune</b>	<b>Tal på grunneigarar</b>	<b>Totalareal</b>	<b>Verneverdi</b>
Skulehomfjellet	Fyresdal og Nissedal	4	3281 dekar	Nasjonal (***)

## 6. Faktaark

LOKALITET:	Skulehomfjellet
KOMMUNE:	Nissedal og Fyresdal kommunar
FYLKE:	Telemark
VERNEKATEGORI:	Naturreservat
AREAL:	3281
HØYDE OVER HAVET:	M.o.h. 452- 800
EIENDOM:	Gnr./bnr i Fyresdal: 25/1 Gnr./bnr i Nissedal: 31/7, 33/9 og 33/79

### TIDLEGARE KARTLEGGING

I forhold til tilbodsarealet har det blitt teke ut eit større areal før oppstartsmelding. Området er kartlagt i to omgangar, fyrste gong i 2014, andre gong i 2020 etter metodikk DN handbok 13. Nedanfor er det kartlegginga frå 2020 som er skildra. Kartleggar kalla området Skulehomsfjellet. Raudlisteartene er i medhald av Raudlista 2015. Kartleggingane frå 2014 og 2021 er skrivne på bokmål frå kartleggarane si side, og vi har ikkje endra dette til nynorsk. All tekst i dette kapitelet, utanom det vi har lagt til, er difor på bokmål.

### OMRÅDESKILDRING

Noreg er delt inn i 7 bioklimatiske seksjonar der tilbodsområdet ligg i ligg i sørboreal (90%) og mellomboreal (10%) sone, og i overgangsseksjonen oseanisk seksjon O2. Berggrunnen er fattig med granittisk gneis, og med innslag av granitt og granodioritt. Store delar av området er dekt med morenemateriale. Stadvis finst noko blokkmark. Området har stor variasjon både i topografi, bonitet og treslagsmansetning.

### VEGETASJON, SKOGSTRUKTUR OG PÅVERKNAD

Området har fattig berggrunn og store deler dekkes av morenemateriale. Forholdsvis store arealer er på høy bonitet og noe på middels, men det er også en del på lav bonitet og impediment. Vegetasjonen er middels variert og viser hovedsakelig stor variasjon innenfor gradientene fattig-rik. Rike vegetasjonstyper forekommer særlig i de sørøst- og sørvestvendte liene på bedre jordsmonn, og inngår stedvis også der boniteten er høy andre steder. Tresjiktet er blandet, hvor det i partier er dominans av gran på bedre jordsmonn eller furu i skinnere arealer, men hvor det også er en relativt høy andel av edelløvtrær som alm og spisslønn og boreale løvtrær.

Større arealer med skog i hogstklasse 3 og 4 inngår i avgrenset verneforslag og eldre skog begrenser seg i stor grad til avgrenset kjerneområde. Innenfor kjerneområdet er skogen eldre, velutviklet, flersjiktet og med mye gadd og læger. Her er det også rikelig med gamle edelløvtrær og boreale løvtrær, samt innslag av gammel gran.

### VERNEINTERESSER

Det er oppdatert en naturtypelokalitet innenfor verneforslaget, en lokalitet med rik edelløvsog med utforming alm-lindeskog med svært viktig verdi (A-verdi). Det er funnet flere signalarter og rødlistede arter, både tidligere og i denne omgang, og disse er utelukkende knyttet til kjerneområdet. Det er totalt påvist 9 rødlistede arter foreløpig (ikke inkludert barlind VU og alm VU), hvorav én sterkt truet – EN, tre sårbare – VU og fem nær truede – NT. De fleste av artene er knyttet til kontinuitet i gamle edelløvtrær og død ved av

edelløvtrær. Beliggenhet og høy tetthet av gamle trær fordelt på flere treslag tilsier at det er potensial for flere krevende arter, også av insekter knyttet til død ved.

De største kvalitetene ved området er knyttet til forekomsten av velutviklet edelløvsskog og blandingsskog som i partier er dødved-rik og med mye gamle trær. I tillegg er det funnet svært sjeldne arter og lokaliteten må regnes som et spesialområde, selv om en del areal uten naturverdier også inngår.

I området forekommer flere kjerneområder. Tre naturtyper vart funne;

- 1) rik edellauvsskog med utforminga alm-lindeskog (A-verdi; svært viktig),
- 2) gammel boreal lauvskog med utforminga gammalt ospeholt,
- 3) gammel granskog med utforminga gammel høgareliggende granskog,

Også skogbrukstaksten synte miljøverdier som er utfigurert som såkalla MiS-område eller nøkkelbiotoper.

Samlet vurderes verneforslaget «Skulehomsfjellet» å inneha nasjonale skogvernkvaliteter (\*\*\*)).

I samsvar med mangelanalysen for skogvern (Framstad mfl. 2017) vil Skulehomfjellet i middels grad bidra til inndekning av manglar i skogvernet. Området dekker i fyrste rekke opp viktige manglar knytt til inndekning av viktige mangelnaturtyper, men også til en viss grad generelle manglar.



*Fattig barskog i sein optimalfase pregar dalføret under Skulehomsfjellet.*

*Foto: Sigve Reiso*



## FØREMÅL

Føremålet med naturreservatet er å verne eit område som representerer bestemte typar natur i form av rik edellauvskog, gammal høgareliggende granskog og boreal lauvskog. Området har særskild betydning for biologisk mangfald på grunn av mykje død ved og sjeldne og trua artar av karplantar, lav og sopp.

## ANDRE INTERESSER

Det går ein delvis merka tursti frå Ervedalsvatn til Skulehomfjellet.

## TEKNISKE INNGREP

Det er ikkje kjend andre tekniske inngrep i området forutan traktorveggar og ei gammal traktorslepe i vestenden av Ervedalsvatnet. I liene er det også nokre gamle hesteveggar. Desse er ikkje kartfesta.

## PLANSTATUS

Verneforslaget ligg innanfor område avsett til LNFR (natur- og friluftsområdet i landbruks-) i både kommunar. Deler av området ligg innanfor omsynssone for villreinområdet Våmur-Roan.

## MERKNADER

Ingen.

## SKOGBRUKSOPPLYSNINGAR

Tabellen viser skogbruksdata for tilbodsområdet.

Namn	Total-areal	Produktivt areal i daa				Anna areal i daa				Tilvekst	Volum
	daa	H (20-23)	M (14-17)	L (6-11)	Sum	Myr	Snau- fjell	Vatn	Imp.	m <sup>3</sup> /daa	m <sup>3</sup>
Skulehomfjellet	3281	267	639	1281	2187	283	547	172	92	578	

Skogdataene er levert av AT skog.

## LITTERATUR

**Reiso S. 2015.** *Naturverdier for lokalitet Skuhommen, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2014.* NaRIN faktaark. BioFokus, NINA, Miljøfaglig utredning

**Hertzberg M., Restad J. 2021.** *Naturverdier for lokalitet Skulehomfjellet, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2020.* NaRIN faktaark. BioFokus.

**Framstad, E. (red.), Blindheim, T., Granhus, A., Nowell, M., Sverdrup-Thygeson, A. 2017.** *Evaluering av norsk skogvern i 2016. Dekning av mål for skogvernet og behov for supplerende vern.* NINA Rapport 1352. 149 s

**Naturbase:** <https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/naturbase>

**Artskart:** <https://artskart.artsdatabanken.no/>

## 7. Forslag til verneforskrift

### Kommentarar til forskrifta

#### Bruk av naturreservatet til idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.

Definisjon på større arrangement har tidlegare vore om lag 30 deltakarar. I samsvar med den nye malen for forskrifter frå Miljødirektoratet er det ikkje gitt nokon eksakt definisjon på kva som blir rekna som større arrangement. Både type arrangement og tal deltakarar kan ha betydning. Som utgangspunkt vil idrettsarrangement og konsertar – eller liknande - bli omfatta. Føresegna er ikkje meint å regulere ordinær turverksemd i grupper, og felles turar og felles treningar med vidare blir dermed ikkje omfatta av forbodet. Utsetting av turposter og liknande blir heller ikkje rekna som arrangement, men kan rammes av forbodet mot midlertidige innretningar. Forskriftsmalen har i § 7 ein særskilt føresegn om dispensasjon som opnar for å gi løyve til aktivitetar nemnd i denne. Ut frå verneformålet for det enkelte området kan det vurderast konkrete unntak eller tilpassingar til disse føresegnene, for eksempel særskilt unntak for turorienterings- eller kjentmannspostar. Er det fleire deltakarar må det søkjast om dispensasjon, og da kan forvaltningsstyremakta vurdere dette i samsvar med til § 7 bokstav g.

#### Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar

Vedlikehald som rydding av kvist og fjerning av greiner og nedfall i stiar og vegar kan gjerast utan søknad. Vindfall som måtte bli liggjande over stiar kan kappes og leggst til side, normalt vil dette kunne gjerast av grunneigar eller oppsyn. Det kan etter søknad gjevast dispensasjon etter § 7 bokstav e til rydding og vedlikehald av nye stiar, løyper og gamle ferdseisvegar. Dette er ein standard regel vi har med i alle verneforskrifter, og som kan nyttast dersom det viser seg å vera stiar ein *ikkje har kjent til* ved vernet.

#### Motorferdsel.

Motorferdsel er forbode etter § 5 bokstav a. Det er nokre generelle unntak i § 6 og det kan gjevast dispensasjon etter søknad etter reglane i § 7. I tillegg gjeld lov om motorferdsel i utmark, det vil seia at kommunen og grunneigar må gje løyve til motorferdsel på vanleg måte.

#### Bruk av sykkel, hest og riding.

Friluftsløven opnar for sykling, riding og anna bruk av hest på veier og stiar i utmarka. I høyringsforslaget vil vi følgje friluftsløvens føresegn. Jf. føresegnet i § 5 bokstav b.

#### Brenning av bål.

Det er vanleg at det er opna for brenning av bål i store reservat (grense på om lag 700-1000 daa). Ein må då nytte tørrkvist eller ved ein har med seg, ein kan ikkje felle eller hogge opp daude tre

## **Forslag til forskrift om vern av Skulehomfjellet naturreservat, Nissedal og Fyresdal kommunar, Telemark**

Fastsett ved kongeleg resolusjon ... med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 og § 62 [og § 77]. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

### **§ 1 Føremål**

Føremålet med forskrifta er å verne eit område som representerer bestemte typar natur i form av rik edellauvskog, gammal høgareliggjande granskog og boreal lauvskog.

Området har særskild betydning for biologisk mangfold på grunn av mykje død ved og sjeldne og trua artar av karplantar, lav og sopp.

Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

### **§ 2 Geografisk avgrensing**

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr. i Nissedal kommune: 31/7, 33/9 og 33/79. Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr. I Fyresdal kommune: 25/1.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 3281 daa. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet ... Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Fyresdal og Nissedal kommunar, hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

### **§ 3 Vernereglar**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

1. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller deler av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
3. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmmande.
4. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

### **§ 4 Generelle unntak frå vernereglane**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald av eksisterande traktorvegar og stiar i samsvar med standard på vernetidspunktet
- e. beiting
- f. utsetting av saltstein
- g. brenning av bål med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk
- h. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- i. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i samband med storviltjakt

### **§ 5 Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom eksisterande vegar og stiar.

### **§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane**

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 annet ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. nødvendig uttransport av felt elg og hjort og villsvin med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget og med traktor og ATV på traktorvegar avmerkt på vernekartet
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy

### **§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar**

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. oppsetting og vedlikehald av gjerder
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. hogst av etablerte plantefelt
- g. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- h. naudsynt motorferdsel i forbindelse med aktivitetar etter § 4 bokstav d, e og f og § 7 bokstav a, d og f.

### **§ 8 Generelle dispensasjonsreglar**

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

### **§ 9 Skjøtsel**

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

### **§ 10 Forvaltningsplan**

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

### **§ 11 Forvaltningsstyresmakt**

Miljødirektoratet fastset kven som er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan delegere styresmakta til kommunar som samtykker til det.

**§ 12 Ikraftsetjing**

Denne forskrifta trer i kraft straks.